

Fakkeltog for forfulgte barn- og unge



Fakkeltoget strakte seg over fleire hundre meter, et mektig syn i Ålesunds gater.

Mandag, 5. november var nærare 400 med og gjekk i tog i Ålesund, til støtte for barn og unge i den forfulgte kyrkje.

I nydeleg haustvêr var det først oppmøte på Kiperviktorget, der Ungdomskoret Respons åpna det heile med glad og frisk song. Deretter presenterte Linda Askeland, Åpne Dørers informasjonleiar, oppropet for årets fakkeltog. Det same oppropet har blitt lest opp på alle dei 11 fakkeltoga rundt omkring i landet, og i Oslo vart det overlevert til utanriksministeren utanfor UD. Oppropet hadde fokus på årets tema for fakkeltoget, som var barn og unge.

I Ålesund var vi så heldige å ha Flora (19) som gjest. Ho kjem opprinneleg frå Irak, men har budd 8 år i Noreg. På flytande sunnmørsk let Flora stemma si lyde utover torget. Ho fortalte om korleis det var å vekse opp i Irak, som forfulgt minoritet i ein arameisk familie. Til slutt fekk familien valet mellom å konvertere til islam, bli drept eller flykte. Dei forlét Irak, og søkte ly i Syria medan far starta på den farefulle reisa mot Europa. I to lange år var familien adskilt, og Flora skildra kor tøft det var for mor å vere aleine på flukt med to små jenter. I desse to mørke åra var det trua på Jesus som heldt dei oppe. Kvar kveld tente mora eit lys for å minne dei om at Jesus var der saman med dei, som lyset i mørket, og at det ville gå bra til slutt. Flora fortalte korleis dette Jesus-lyset fekk

dei til å halde motet oppe, heilt til dagen då dei endeleg fekk kome til Norge og møte far igjen. Etter Floras gripande appell, tentes fleire hundre faklar medan songen «This little light of mine» lydte utover byen. Eit langt tog fylte Ålesunds gater med lys og varme. Det var folk å sjå i alle aldrar; barn og unge, vaksne og eldre.

I etterkant av fakkeltoget var det ei tverrkyrkjeleg samling i Ålesund kirke. Her deltok Respons med meir song, og Arild Berstad med team leia lovsongen. Det var fantastisk då «Deg være ære» lydte frå dei fleire hundre framfotte. Det er ein som er Herre over døden, og over mørkets krefter. I kyrkja fekk vi bli betre kjent med Flora, og ho var også med på tekstlesinga. Særleg sterkt var det å høyre henne lese på arameisk om

Jesus som er verdens lys (Joh. 8,12) Linda Askeland heldt ein gripande tale, og delte fleire historier frå barn og unge som blir forfulgt for trua si. Det var både utfordrande og inspirerande å lytte til Linda. Mot slutten var representantar frå ulike kyrkjer og organisasjonar med på «Forbøn for forfulgte», medan nokre jenter fylte globen med små lys frå det store Kristus-lyset. Måtte Jesus lyse i mørket for våre forfulgte søsken!

ImF Sunnmøre var også dette året med og støtta opp under fakkeltoget, noko Åpne Dører er svært takknemleg for. Områdeleiar Olaug Lillian Bjørke takkar for alt engasjement for årets fakkeltog i Ålesund!

 **Tekst & foto:**
Olaug Bjørke – Opne Dører

Et annerledes barn

De siste ukene har vi opplevd et sterkt engasjement for dagens abortlov. En lørdag i november møtte tusenvis til abortdemonstrasjoner i flere norske byer

Det brukes retorikk om angrep på kvinners rettigheter, formynderi, fare for abortturisme og massiv nedvurdering av kvinnene.

Det ene fokus har vært knytta til mulighet for "tvilling abort" og Norge er i dag det eneste land i Europa som offentlig praktiserer "selvbestemt" fosterreduksjon.

Spesielt har fokuset i debatten vært knytta til §2C som åpner for sen abort når det er stor fare for at barnet kan få alvorlig sykdom". Men i praksis i dag er at ikke bare "alvorlig sykdom", men også påviste egenskaper hos fosteret-som Down syndrom- anføres som selvstendig abortgrunn med hjemmel i 2C. En enkelt egenskap ved fosteret- en diagnose, en gruppetilhørighet- blir avgjørende for dets rettsvern og moralske verdi.

Vi erkjenner at i visse situasjoner er dette et meget vanskelig landskap å bevege seg rett i, i møte med de som står ansikt til ansikt med det å føde, ha ansvar og omsorg for barn født med alvorlige sykdommer.

Samtidig må ikke de barna, som selv ikke kan tale sin sak, oppleve at der ikke er røster som varmt og tydelig våger å tale deres sak.

Dette må gjøres i sannhet ikledd kjærlighet og omsorg, både til den som føder og det barn som fødes.

Når vi nå enda en gang skal feire jul, er det enda en gang i møte med den unge mor, Maria, som under kummerlige forhold, ikke planlagt, fødte et barn som var "annerledes" enn alle andre fødte barn her på jord.

I årene fra Jesu barndom og oppvekst er det ikke mye bibelen gir oss innsyn i, men de glimt vi får forteller oss

at han var annerledes. Jesus oppførte seg annerledes enn sine søstre og brødre. Han hadde sine utfordringer både i barndom og ungdom som alle andre, men med annet utfall. Jesus gjorde ikke opprør, droppa ikke ut av skole eller ble med i gjengopprør. Han ble utsatt for alle prøvelser og fristelser som andre unge på den tid, uten å feile. Jesus var "annerledes". Der andre slo, snudde han det andre kinn til.

Ja, når han var 33 år gammel syns folket at han var så annerledes og spesiell at de taktfast ropte: "Bort med Han!"

Vi er så takknemlige og denne julen for at han, Jesus, som var "annerledes" ble født, som en glede for alt folket og en glede for oss og denne julen

«I dag er det født dere en Frelser»

Jesus oppførte seg annerledes enn sine søstre og brødre.



Johan Halsne
Kransleiar i Sunnmøre
Indremisjon

FAMILIEKONSERT
Søndag 20. Januar kl 15:00
Blindheim Bedehus
Velkommen til konsert for heile familien

FESTIVALKORET
frå Barnegospelfestivalen syng med
kordirigent og instruktør Bjarte Leithaug!
Bjarte Leithaug har også eiga avdeling.

Andakt
Gratis inngang / kollekt

imfung SUNNMØRE www.imfung-sunnmore.no

ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

Heimemisjonen

Redaktør: Johan Halsne
Postboks 7836 Spjelkavik,
6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70
Fax. 70 17 86 69
Bankgiro: 3000.15.31235
E-post: sunnmore@imf.no
Internett: www.imf.no/sunnmore
ImF-UNG Sunnmøre
imfung-sunnmore.no

Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53
Bankgiro 3900.31.17255
Orreneset Misjonssenter
Telefon: 70 25 07 56
Bankgiro: 4045.07.07211
Dagry barnehage
Telefon: 70 18 24 97
Bankgiro: 3000.21.36682
Ålesund Folkehøgskule
Telefon: 70 17 76 00
Bankgiro: 8220.02.20788

Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70
Bankgiro: 8220.02.80287
Møre barne – og ungdomsskule Skodje
Telefon: 40 29 36 41
Bankgiro: 3000.32.36796
Møre barne – og ungdomsskule Herøy
Telefon: 70 08 05 50
Bankgiro: 3000.18.45655

Begravelsesbyrået

Sunnmøre A/S
Telefon: 70 17 86 60
Vakttelefon: 90 86 38 56
Plussreiser AS
post@plussreiser.no
Telefon: 70 17 90 00
www.plussreiser.no
Radio Sunnmøre
Telefon: 70 15 41 00
Bankgiro: 3900.21.10311
www.radiosunnmore.no

PitStop 2018



UFO bandet fra Langevåg Frikyrkje deltok på Gospelnigheten på årets Pit Stop.

Helgen 19.-21. oktober ble det årlige PitStop arrangementet arrangert i Misjonssalen Ålesund.

Pit stop er et ungdomsarrangement som er arrangert av IMF-UNG Sunnmøre i samarbeid med NLM region nordvest der målet er at ungdom skal kunne komme og få et lite avbrekk fra hverdagen.

Helgen bestod av møter, quiz, seminarer og gospelnight i tillegg til at det var åpen café der ungdommene hadde mulighet for å kjøpe mat, drikke, snacks og være sosial.

Taleren denne helgen var Andreas Evensen som er leder for ImF-UNG og han talte om temaet «hellig» på ulike måter i de tre møtene. Respons fra Emblem bedehusforsamling, BlesSing fra kirken i Sykkylven og UFO-bandet fra Langevåg frikirke bidrog alle med flott musikk på

gospelnigheten. Der var det også en flott appell av Liv-Margrethe Muren Ulvund.

Seminarene i år var det Nikolai Sundklakk som er ungdomspastor i Emblem bedehusforsamling og Erika Lynn Solli som er barne- og ungdomsarbeider i NMS U region Møre som stod for. Nikolai snakket om bibelens troverdighet med spesielt fokus på oppstandelsen, mens Erika hadde med seg to Hald studenter fra Brasil og snakket om hvordan det er å være kristen og drive med kristent arbeid i andre land.

Det var mange ungdommer innom i løpet av helga men det var flest lørdag kveld da det var rundt 170 ungdommer på møte og gospelnight.

//// Tekst og foto:
Mathias Lindgren Mulelid

med innspel på korleis ressursane skal brukast, og korleis vi skal legge til rette arbeidet vårt for eit godt samarbeid med dei lokale laga som er tilslutta ImF. ImF-UNG sin visjon for arbeidet er at barn og ungdom skal lære å kjenne, elske og tene Jesus, dette vil også vi på Sunnmøre arbeide for.

Dei nye medlemene er:
Miriam Holene, ungdom frå Blindheim
Maria Folde, ungdom frå Valderøya
Ruben Austnes, vaksen frå Godøya
Annette Torsvik Bjørge, vaksen frå Ellingsøya

Nytt BUR i ImF-UNG Sunnmøre

Tekst: Randi Fagerhol Lauvås

Dei siste åra har det ikkje vore barne- og ungdomsråd (BUR) i Sunnmøre Indremisjon, men no er eit nytt BUR på plass. Dette rådet skal vere ei støtte for dei tilsette i ImF-UNG Sunnmøre, og saman med dei bidra til at arbeidet blant barn og unge på Sunnmøre skal vere mangfaldig og godt. Dei kan kome

FAMILIELEIR PÅ ORRENESET PALMEHELGA 12.-15. april 2019

Opplagg for små barn, store barn, ungdom og voksne kvar formiddag. Familiesamlingar og egne samlingar for store barn/ungdom om kvelden. Tid til (ski)turar og uteaktivitet kvar dag. Sosiale samlingar om kvelden.





Desse blir med:
Arild Ove Halås
andakter for voksne

Hilde-Sofie Blindheim Østrem— førskulebarn
Mathias Lindgren Mulelid— barn/ungdom
Randi Fagerhol Lauvås—leirsjef

Priser:		
Vaksne 1250,-	13.-17.år 1020,-	4.-12 år 850,-
Barn under 4 år gratis	Maks pr. familie 4800,-	

Facebook: imf-ung sunnmøre
Påmelding: rf.lauvas@imf.no
imfung-sunnmore.no
Tlf 70178673 / 70178670



LEIR VÅR 2019

<div style="border: 1px solid black; padding: 5px;"> <p>2. - 4. klasse MINILEIR 1 2. - 3. Februar Pris: 400 kr</p> </div>	Brusdalsheimen	<div style="border: 1px solid black; padding: 5px;"> <p>2. - 4. klasse MINILEIR 2 30. - 31. Mars Pris: 400 kr</p> </div>
<div style="border: 1px solid black; padding: 5px;"> <p>4. - 7. klasse WINTERGAMES 1 8. - 10. Februar Pris: 600 + 100 kr</p> </div>	Orreneset	<div style="border: 1px solid black; padding: 5px;"> <p>6. - 9. klasse WINTERGAMES 2 8. - 10. Mars Pris: 600 + 100 kr</p> </div>
<div style="border: 1px solid black; padding: 5px;"> <p>Familieleir Palmehelga 12.-15. April</p> </div>		
<div style="border: 1px solid black; padding: 5px;"> <p>4. - 7. klasse JENTELEIR 21. - 24. Juni Pris: 800 kr</p> </div>	Brusdalsheimen	<div style="border: 1px solid black; padding: 5px;"> <p>5. - 8. klasse GUTTELEIR 27. - 30. Juni Pris: 900 kr</p> </div>
<div style="border: 1px solid black; padding: 5px;"> <p>Søskenmoderasjon: 30% for barn 2, 50% for barn 3</p> </div>		
<div style="border: 1px solid black; padding: 5px;"> <p>Påmelding: www.imfung-sunnmore.no</p> </div>		




Julemarked for Brusdalsheimen



Så ble bodene fylt med salgsvarer og plassen med masse mennesker

Det årlige julemarkedet for Brusdalsheimen ble dette året arrangert ute. Været var nydelig med vindstille og rundt 0 grader.

Utenfor Vikakroken (Sunnmøre Indremisjon sine lokaler i Spjelkavika) ble det i dagene før markedet rigget opp en hel julemarked-gate. Salgsboder sto på rekke og rad og særlig i mørket på fredag kveld skapte det rene «skomakergate-stemningen», for å sitere markedsgeneral Hilde Giske Lukkedal.

Det er Hilde sammen med mannen Arvid (bestyrerparet på Brusdalsheimen) som er hovedansvarlig for julemarkedet. I tillegg stiller veldig mange frivillige opp og hjelper til både før, under og etter markedet. Hilde er godt fornøyd med fremmøtet og gjennomføringen. Så langt har det kommet inn ca. 115 000,- men det er nokså mange varer som

er solgt og som skal betales via faktura. Komiteen anslår derfor at det endelige resultatet blir mellom 120 - 130 000,-.

Markedet var åpent tre timer på fredag kveld og tre timer på lørdag. Emblem Skolekorps (fredag) og Giske barnekor (lørdag) sto for programinnslagene.

I de mange bodene som var satt opp kunne du få kjøpt julegaver, lefse, julekaker, tøfler, små sauer (riktignok i ull), poteter, strikkevarer, julehefter, søst, sylteflesk og mye mer. Inne var det kafe hvor du kunne varme deg og få noe å bite i. Fra fjern og nær kom folk med varer de hadde laget eller bakt som de solgte til inntekt for Brusdalsheimen.

Vi retter en stor takk til de mange frivillige som var med både å ordnet til på forhånd, sto og solgte i kafeen og bodene, som hadde laget salgsvarer og bakevarer og som var med å ryddet etterpå.



Mange bakte mye julebakst i dagene før markedet

CATERING FRA ORRENESET

Treng du mat til kurs, møter, julebord eller andre selskap?
Vi tar jobben!

Vi har juletallerken, koldtbord og andre varme retter.

Min. 15 personer. Bestilling må leverast minimum ei veke før arrangementet.

Ta kontakt på tlf: 95 17 91 02 eller orreneset@gmail.com

Følg gjerne Orreneset Misjonscenter på Facebook og Instagram!



Velkommen til Møre Ungdomsskule

På vår skule er det lett å vere seg sjøl. Både elevar og lærarar gjer sitt beste for å vere inkluderande. Her er det ikkje motepress og mobbing, slik eg opplever det i alle fall, seier Olianna Johansson frå 10. klasse.

Olianna er ein av 112 elevar ved friskulen på Hatlehol i Ålesund. Skulen starta med 22 elevar for 22 år sidan, og har vakse jamnt og trutt sidan. I år er det fem klasser ved skulen, og over 20 tilsette.

-Vi har vore heldige og har hatt god søkning til skulen i alle år. Ofte har vi lange ventelister, seier inspektør Olav Sæbø.

Godt miljø

To som var heldige og fekk plass då skulen starta i haust, er Mats Hagerup frå Solevåg og Ester Enamkung frå Sykkylven.

-Eg valde Møre fordi eg kjenner mange som har gått her, og har høyrte mykje bra om skulen, seier Ester som ikkje har blitt skuffa.

-Det er lett å bli kjend med folk, og eg er glad for at det ikkje er så strengt, seier ho. Mats er einig. Han starta saman med ni andre frå sin barneskule.

-Vi har fått mange nye vener, og lærarane også er veldig greie. Dei er flinke til å lære frå seg, og gir gradert lekse slik at alle kan henge med, seier han.



Vi har ein herleg gjeng på 112 elevar dette skuleåret. Unike og uerstattelege ungdommar som vi er glade for å dele dagane med.

Andakt og song

Noko av det som skil skulen frå offentlege skular, er den daglege samlinga med andakt og song.

-Det er fint med ei sånn samling, der alle er med. Nokon opplever det nok litt kjedelig, men det ser likevel ut til at folk har det bra her, seier Håkon Humblen frå 9B. Han likar også godt at dei ofte er ute på turar og at lærarane er kreative når dei legg opp undervisninga. Olianna er einig.

-Kreative prosjekt er topp. Det

krydrar kvardagen, og det trengs. Vi har mykje lekser og innleveringar i tiende. Men sidan det skjer så mykje kjekt, går det heilt greitt, seier ho. I staden for Operasjon dagsverk, har skulen ei heil veke med misjonsprosjekt og innsamling i januar. Dette er eit av høgdepunkta i skuleåret.

Arbeidslivsfag

Ungdomsskulen har hatt tilbod om arbeidslivsfag dei siste fire åra. Dette



Nicolai Reichle og Magnus Riise har valt alternativt, og får prøvd seg i arbeidslivet medan dei går på ungdomsskulen. -Veldig motiverande for skuledagane totalt sett, seier dei.

er eit alternativ til språkfag, og passar godt til elevar som vil prøve seg i arbeidslivet.

-Eg vil gjerne bli vaksen fort, og kome ut i arbeid. Å bli fiskar er min plan, seier Nicolai Reichle (9A). Han har fått prøve seg både på fiskebåt og fiskemottak. No har han praksisplass på ei ferge, og får prøve seg på matros-oppgåver. Kanskje er det han som vinkar deg på plass når du køyrer om bord neste gong?

Magnus Riise (10 kl) får skuleveka lagt til rette slik at han har ein heil dag i arbeid i hos Alfa Elektro.

-Vi er ofte heime hos folk, og eg får prøve mykje forskjellig. Det er lærerikt og kjekt. Eg har funne ut at eg vil utdanne meg innan elektro, seier han.

-Arbeidslivsfag motiverer oss til å gjere det betre på skulen og til å satse på meir skule etter ungdomsskulen. Sjølv om vi ikkje er så glade i å stirre i bøker, trivst godt på Møre, seier Magnus og Nicolai.

MANNSWEEKEND PÅ BRUSDALSHEIMEN

11.-12. januar 2019

- HOVEDTALER Alf Halvorsen
- SANG AV VALDERØYKVARTETTEN, Tor Rødset m.fl.

Påmelding til Brusdalsheimen 70274553 brusdalsheimen@imf.no

NOTIS - Ny barneskule

Om to år er det planar om oppstart av kristen barneskule i Ålesund. Denne blir også på Hatleholen der ungdomsskulen er.

-I første runde er det snakk om oppstart for 1. og 2. klasse, og vi opplever allereie at det er stor interesse for dette. Mykje skal på plass, og vi må sjølvstilt bygge ut. Det er spanande tider framover, seier Signe Urtegård som er rektor ved Møre Ungdomsskule.

Tekest og foto:
Hilde Lillevoid Håberg

EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE I SUNNMØRE INDREMISJON

Sal av Ålesund bedehus og kjøp av butikkdriфта Johan R. Sunde var dei to sakene som sto på sakslista då krinsstyret kalla inn til ekstraordinært årsmøte tirsdag 6. november.

Årsmøtet vart halde på Brusdalsheimen og det møtte 69 utsendingar.

Krinsstyret la fram forslag om at man startar samtalar med Ungdom i Oppdrag om sal av Ålesund bedehus. Huset er gammalt, stort og eit krevande bygg å eige for krinsen. Samstundes har UiO fleire gonger kome med ønske om å få overta huset. Ein ser føre seg ein salgssum på om lag 3 millionar kroner. Seks personar tok ordet i samtalen, og alle tilrådde sal. Krinsstyret sitt forslag vart vedteke mot to stemmer.

Årsmøtet gjorde følgende vedtak:

1. **Årsmøte i SIM gir fullmakt til styrets formann og kretsleder om å gå i forhandlingar med mogeleg kjøpar for sal av Ålesund bedehus. Dersom forhandlingane fører fram får kretsstyret fullmakt til å gjennomføre salget.**
2. **Det brukast autorisert eigedomsmeklar til gjennomføring av sal.**
3. **Ålesund Indremisjon skal**



Mange meiningar og synspunkt på dei to sakene som var oppe til behandling på det ekstraordinære årsmøtet.

4. **Ved vidaresal av huset innan 15 år vert gevinsten av salget fordelt slik: Skulle huset i en periode på 15 år etter tingslysningssdato verte seldt vidare skal gevinsten ved eit slikt sal delast slik: Sunnmøre Indremisjon skal ha 14/15 delar av gevinsten første år etter tinglysningssdato, sidan skal huseigar sin andel aukast med 1/15 kvart år slik at dei har rett på heile gevinsten etter 15 år.**

5. **Punkt 3 og 4 feller bort hvis Ungdom i Oppdrag ikkje blir kjøpar av huset. Sunnmøre IM sikrer Ålesund IM alternativt møtelokale vederlagsfritt ved sal til andre enn UiO.**

Saka om å kjøpe butikkdriфта til Johan R. Sunde vart vedteke mot 8 stemmer. Her var det 8 av utsendingane som tok ordet, og meiningane var noko meir delte enn i saka om Ålesund bedehus. Krinsstyret hadde oppretta eit aksjeselskap som skal stå for kjøpet av butikken.

Årsmøte gjorde følgende vedtak: Ut frå opplysningar knytte til saka og intensjonen bak eit slikt kjøp gjer årsmøte eit slikt vedtak:

1. **Årsmøte i Sunnmøre IM vedtar at Sunnmøre IM kjøper driфта av Johan R. Sunde til avtalt pris, gjennom selskapet ImF Sunnmøre Holding AS.**
2. **Styret i det nye selskapet får i oppgåve å slutføre forhandlingar med fam. Sunde og tilsette ny dagleg leder.**

Sunnmøre Indremisjon
ønskjer alle
ei velsigna God Jul
og eit fredfylt
Godt Nytt år!



Men engelen sa til dem: «Frykt ikke! Se, jeg forkynner dere en stor glede, en glede for hele folket: I dag er det født dere en frelser i Davids by; han er Messias, Herren.
Lukas 2, 10-11

Våre avdelingar sender også sine jule- og nyttårshelsingar:

Brusdalsheimen
Orreneset Misjonssenter
Radio Sunnmøre
Daggry barnehage
Ålesund Folkehøgskole
Møre ungdomsskule
Møre barne- og ungdomsskule Herøy
Møre barne- og ungdomsskule Skodje
Brukt og Nyttig
Plussreiser AS
Begravelsesbyrået Sunnmøre AS
Fermate Sunnmøre

Takk til kvar enkelt som er med og støttar arbeidet vårt!